



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld
Nr. 4-2010- Årgang 24*

KYRKJELYDEN



Kjære dykk alle.

Det er dead-line for bladet i morgon, og med denne helsinga blir siste hand lagt på stoffet. For underteikna heng gårsdagen enno att i tankane. Eg kan vel våge å kalle han ei festreise: Fyrst familiegudsteneste med utdeling av bok og CD til fireåringane i Høydalsmo og Lårdal. Mange born og vaksne hadde kome til kyrkja, vi feira gudsteneste, og etterpå serverte Gunlaug og Heidi gløgg. Så gjekk turen til ein kyrkjelydsfest i Edland samfunnshus, der ordførar Arne Vinje overraska Aasne Djuve Edland – fødd og oppvaksen i Lårdal – med H.M. Kongens fortенestemedalje for hennar lange, trufaste og engasjerte innsats i soknerådet og i barne- og ungdomsarbeidet. På kvelden var eg på ljosomesse i Mo, der konfirmantane deltok med lesing, ljostenning og kyrkjevert-teneste. Det var også ei fin oppleving.

Slike dagar er gode å ta med seg, og dette kan gjerne vere eit a propos til innhaldet i Kyrkjelyden denne gongen. Eit viktig tema er trusopplæringsplanen, som mange av dykk sikkert ikkje har høyrtd så mykje om enno. Men dette er ein veldig viktig reform, som vi må arbeide mykje med framover. Han vil krevje mykje arbeid, men vonaleg vil det bli eit godt lyft for trusopplæringa og noko godt for borna og dei unge. Då er det også ei glede å heidre og takke ein av dei som har gjort ei stor og trufast teneste for born og unge her i Tokke, Reidun Abrahamsen. Redaksjonen og kyrkjestaben vil takke for samarbeid i året som snart ligg bak, og ynskjer dykk alle ei god jol og eit godt nytt år!

Helsing
Øyvind A. Jørgensen
red.



Redaktør: Øyvind A. Jørgensen
Formgjeving: Ove Kjell Huvestad.

Gåver til "Kyrkjelyden"
bankgirokonto 2685 07 06947
Kyrkjekontoret i Tokke
Tlf 350 77 188 Fax 350 77 052

Prost Øyvind A. Jørgensen
Sokneprest Jarle Bryne
Prostidiakon Eilev Erikstein
Kyrkjeverje Ove Kjell Huvestad
Organist Zbigniew Radziej

E-post:
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no
prosten@tokke.kommune.no
kyrkjeverja@tokke.kommune.no
Postboks 94, 3886 DALEN

Kontoret er ope:
Måndag - fredag - kl. 0900-14.00.

- mobil tlf. 995 16 348
- mobil tlf. 911 38 976
- mobil tlf. 911 13 580
- mobil tlf. 908 77 188
- mobil tlf. 412 71 930

Gjer meir ut av det!

”Det blir for mykje av advent og julefeiring!” Vi høyrer ikkje sjeldan at slikt blir sagt. ”Desse dagane blir i overkant.” Men eg vil seie tvert om: Dei fleste nøyer seg med for lite!

Ja, det spørts om ikkje mange tek for lite ut av høgtida. Det blir nokre dagar med levande ljøs, nøtter og smultringar. I adventstida og i juledagane går det liksom ei åndeleg kakelinne over hjartetts kalde jord. Isen i djupet av sjela smeltar, og vi vert blautgjort.. Vi syng om barnet i krubba og om den heilage natta – ”Han er frelser min!” Men eit stykke ut i januar er dei tonane blitt borte hos mange. Det blir barfrost over åkeren til hjartet igjen. Og ein tok for lite ut av høgtida!

Blir det heile lett ein fest utan konsekvensar, der minne frå juledagane etter kvart blir bleike og utydelege? Kva var det Jesus sa til sine samtidige: De ville berre ei tid glede dykk i lyset...

Julenatt set Gud, bokstaveleg talt, himmel og jord i bevegelse for å skape ei ny byrjing i vår historie. Han hadde gitt oss alt: ei rein verd, livets gåve, uendelege mogelegheiter. Men vi forspilte arven. Så går Gud den andre mila med oss. Skaparen må også bli Frelsaren.

I Jesus kom han til jorda. Jesus har vist oss kven Gud er og kvar Gud er: Han er i vår kvardag: I evangelia les vi om ein Jesus som vandrar omkring i landsbyane, i menneska sin kvardag. Han er i vår fest: Hugsar du Jesus ved bryllaupet i Kana? Han er i våre små gleder og i vår smertefulle gråt: På den eine sida kunne han sitje i strandkanten ved Genesaretsjøen og kjenne glede over solas spel og varme. På den andre sida gjorde han seg til eitt med all verdas gråt då han døydde på korset: ”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”

Jula er Guds ja til verda. Det er som om Gud vil seie: ”Menneske, no kan inga makt i verda hindre meg i å halde av deg!” - Etter at Jesus har kome til oss, skin det eit ljøs i verda som ikkje kan sløkkjast. ”Og ljøset skin i mørkret”, skriv Johannes i sitt juleevangelium. Om all verdas mørkemakter går saman mot dette ljøset, kan dei likevel ikkje tyne det ljøset Kristus kom med til oss. I heile verda fins det ikkje mørke nok til å kvele Guds ljøs.

Derfor ligg det i heile julas fest og høgtid ei innbyding til å ta ut alt av julas gåve: å få eit møte med Jesus som ven, medvandrar og frelsar. Lat oss ikkje nøye oss med for lite!

Olav Skjevesland,
Biskop i Agder og Telemark

”Det er noko trygt, noko som ligg djupt i ein”

Denne gongen har vi teke turen til Reidun Abrahamsen på Dalen. Ho er for tida er på Helsesenteret.

Barndom og ungdom

Reidun er fødd på Grue Finnskog den 22.9.1935, og voks opp på Finnskogen, i det som no heiter Åsnes kommune, på ein liten plass som heiter Fall, 350 m frå svenskegrensa. Huset dei budde i, leigde dei ut til Staten som tollstasjon, for faren til Reidun var overtollar.



Reidun blir varm i stemma når ho fortel om heimtraktene sine. ”Når du køyrer over Gjesåsen, ser du kyrkja og det vakre vatnet, og så er det jordbruksområde med poteter og korn, men framfor alt er det fine, vidstrakte skogar.”

”Far var ein av dei få som hadde ei offentleg stilling”, kan Reidun fortelje. ”Elles var det nokre storbønder, med sag og det heile, og så var det mange småbrukarar, og dei fleste hadde arbeid i skogen. Også familien til Reidun hadde eit lite småbruk med tre kyr, grisar og høner.”

Frå Fall var det ei mil til skulen. ”Far laga ski til oss, og om sommaren sykla vi, eller gjekk. Det var lang vei, men vi hadde ikkje vondt av det.”

Eg spør om korleis det var å bu ved grensa mellom to land. ”Mor var svensk fødd, vi leika med dei svenske borna, og var med på ulike ting på båe sider av grensa. Eg har fått med meg både norsk og svensk kultur. Og så hadde vi det betre enn andre under krigen. Mor hadde ein bror som var kjøpmann på svensk side. Han tok skiturar langs grensa, og så kunne mor kome og hente saker og ting som han hadde lagt att.”

Reidun budde heime til ho var konfirmert i 1950, og så tok ho framhaldsskulen i hovudbygda. ”Så ville eg prøve meg som praktikant for å bli barnepleiar, men så trengte mor meg heime. Eg var også i forretning eit halvt år, og så gjekk eg på Bjerkeley folkehøgskole. Det var ein god skule, og der lærte eg vev og husstell og



Fall tollstasjon, Åsnes Finnskog.
Karl Gransjøen med sine 3 gutter og 1 jente - Reidun

saum. Dette ville far min eg skulle lære. Sidan kunne eg gjere hva eg ville.”

Reidun ville bli hjelpepleiar, og kom til Ullevål i Oslo. Der kunne livet snart ha vore over, for ho vart påkjørt av ein lastebil i Kirkeveien. Heldigvis vart ho ikkje alvorleg skadd, men legane rådde henne til å ikkje halde fram i hjelpepleia av omsyn til ryggen. Ho reiste då heim, og arbeidde ei tid på sjukeheimen der.

Gift med Finn

Den 17.12.1960 skjedde noko som endra livet for Reidun. ”Den dagen gløymer eg aldri. Veninna mi og eg dro til Flisa for å sjå på joletrafikken. Vi sat på med ein vi kjende, og der i gata kom det ein kar som han kjende. ’Hopp inn’, sa han, så kan du helse på Reidun. Då traff eg Finn, og det sa berre pang! Det var kjærleik ved fyrste blikk, som ein seier. Finn var vikarlærer der. Det var før han tok utdanninga.”

I 1961 forlova dei seg. Same året byrja Finn på lærarskulen på Elverum. Reidun arbeidde på sjukehus. Sankthans 1962 gifta dei seg. Då hadde Finn eitt år att på lærarskulen. Då det året var omme, gjekk turen til Dalen i Telemark.”

Hadde de nokon tilknytning til Dalen?

”Nei, ingen. Vi hadde vore i nærleiken på tur, og då spurde eg Finn om vi ikkje skulle ned til Dalen. ’Nei, der har eg vore på sykkeltur ein gong, og dit skal eg ikkje meir’, sa Finn. Men likevel hamna vi her. Fyrst var vi her i tre år, så budde vi fem år på Nesodden medan Finn tok vidareutdanning, men i 1972 trong dei rektor på Dalen, og Finn fekk stillinga. Så flytta vi inn i huset der vi bur no, og her blir vi.”

Kristen tru

I heimen og i heimbygda fekk Reidun tidleg kjenne den kristne trua. ”Både mor og far var kristne. Morfaren min hadde stått for bygginga av bedehuset på Fall. Frå eg var lita gjekk vi på sundagsskule, og eg var med som hjelpar seinare. På joletreffstar var eg med og las opp og song, og i heimen vår var det mykje kristen song og musikk. Sidan det var langt til næraste kyrkje, vart vi mest knytte til Svenska Missionsförbundet. Vi hørde både norske og svenske predikantar, og av og til hadde prestane gudsteneste på staden.”

”Konfirmantførebuinga gav meg mykje”, seier Reidun. ”Vi var fem konfirmantar, fire jenter og ein gut. Ei tid på sommaren gjekk vi og las på laurdag, sundag og måndag. Ei av jentene har eg kontakt med enno, og vi er samde om at dette var den finaste sommaren vi har hatt. Eg vonar at konfirmantane opplever det slik no for tida også.”

Aktiv i barne- og ungdomsarbeid

Med sin bakgrunn fall det naturleg for Reidun å gå inn i barne- og ungdomsarbeid på Dalen. Ho var med og starta speidarforening, og dette arbeidet har vore eit hjartebarn for henne. ”Det var ei tid eg aldri gløymer. Vi hadde møta på soknehuset og av og til på skulen, men det finaste var å vere i skog og mark og på turar og leirar. Der lærte vi kvarandre å kjenne på ein annan måte enn når vi sat inne på eit speidarmøte.”

”Eg hugsar ikkje minst ein sykkeltur vi hadde til Kragerø, og vi har hatt mange koselege leirar. Den fyrste leiren med mine jenter var i Jondalen, og det var eit regnvêr utan like. Utstyret var ikkje som no, t.d. var nokre av telta utan botn, så ein kan tenkje seg korleis det var. På den tida



Speideropptagelse 1964. 1. Tokke og Dalen 1.

hadde vi heller ikkje propan, og vi måtte grave latriner sjølve, og alle måtte vaske seg i kaldt vatn. Men det var moro, og vi lærte mykje av det.”

Reidun er glad i born og unge. Ho har vore dagmamma for mange born på Dalen, og har vore med i sundagskule og barneforening. ”Arbeidet med born og unge har gjeve meg så mykje”, seier ho, ”eg er så takknemleg. Det har ikkje vore noko offer, men heller ei glede.” No er det ikkje speidararbeid på Dalen lenger, men alt utstyret står på soknehuset, og Reidun vonar at nokon vil ta arbeidet opp att. Og sjølv er ho framleis registrert speidar, den einaste på Dalen.

Knytt til heimbygda

Reidun høyrer heime på Dalen no, og det er ikke aktuelt å flytte, men bygda der aust i skogane har alltid hatt ein stor plass i hjarta hennar. Den eldste broren har overteke barndomsheimen, men i 1971 fekk Reidun og Finn kjøpe ein plass som tidlegare hadde vore i familien, langt oppi skogen ei mils veg frå barndomsheimen. Der var hus og 1,6 mål tomt. ”Vi måtte koste mykje på der, men vi er veldig glad i denne plassen. Der har vi vore både til jol og påske og vinterferie, og om somrane. Eg har eit ynskje om å få til ei friluftsgudsteneste der ein gong.”

Joleminner

Vi spør om det er noko ho minnest frå barndom og jolefeiring. ”Vi hadde ikkje straum, så vi støypte ljøs sjølve. På den vesle garden vår slakta vi 2-3 grisar, og mamma hermetiserte pylser, kjøtkaker, ribbe og koteletter. Ho var flink til å lage mat, og eg brukar pylseoppskrifta hennar kvar jol. Mattradisjonane var både norske, svenske og finske.

På den tida skulle helst ikkje ungane sjå joletreet før jolekvelden, men vi stal oss til å sjå det

frå utsida gjennom glaset og gjennom kontoret, men då far oppdaga det, dro han ned rullegardina.

På jolaften inviterte vi folk som hadde vore i arbeid hjå oss. Nokre av dei tykte det var rart at vi song bordbøn, for det var dei ikkje vande med. Det hende at nissen kom, men ikkje så ofte, for far min var ikkje så glad i nissen. På joledags morgon var vi fyrst i fjaset, og så var det gudsteneste på bedehuset. Dit kom det folk på ski eller med hest. Etterpå hadde vi jolefrokost.”

Tru og kamp

Den kristne trua har ikkje alltid vore enkel for Reidun. ”I unge år fekk eg ein kjærast som var med i Frelsesarméen i Sverige. Eg hadde draumar om framtida, og tenkte alt skulle bli fint, men dessverre var eg for ung til å skjønne kva eg hadde kome ut i. Det er ikkje farleg å fortelje det, for folk veit om det frå før. Eg vart gravid, og eg vart svikta, og far min gav meg ikkje lov å bu heime lenger. Det var vondt. Eg vart sinna på Gud! Han hadde narra meg! I bedehuset var det nokre som sa at ’Reidun kan vi ikkje ha med i forsamlinga her’, men då var det ei av dei eldre kvinnene som reiste seg og sa: ’Den som er rein, kan kaste den fyrste steinen.’”

Reidun vart verande i trua. ”Det skjedde noko eg ikkje heilt kan forklare. Eg byrja å tenkje at det ikkje var rett å vere bitter på Gud for noko eg hadde rota meg bort i, og eg gleda meg over å leve i hans tilgjeving. Og då eg traff Finn, hjalp han meg også til å kome ut av det. Han har alltid sett ljost på livet.”

Kor vondt det verkeleg var og gjorde, det som Reidun opplevde av faren sin, det kan vi berre tenkje oss. Når ho fortel om det no, ligg det langt tilbake i tid, og orda hennar er farga av eit forsonleg sinn. ”Eg er ikkje bitter, og eg har lært mykje”, seier ho. No vart ikkje Reidun avvisa så lenge, og vesle Torbjørn fekk ein god oppvekst hjå besteforeldra. ”Eg tenkjer nok at far min angra det han hadde gjort, men han sa det aldri,” seier ho stille.

No kan ho gle seg over fire barneborn. ”Ein av dei er konfirmant, og han gler seg til konfirmasjonen. ’Eg meiner noko med det. Det er ikkje berre på grunn av presangane, besta’, sa han til meg. Det var fint sagt.”

Livet no

I det siste året har Reidun streva mykje med helsa. ”Eg har nesten ikkje orka å vere ute. I sommar hadde eg lungebetennelse tre gonger, og i september brakk eg lårhalsen. Då eg kom til sjukehuset, viste det seg at eg hadde hatt eit hjarteinfarkt også. Og så ventar eg på å få ei ny hoftekule.”

Reidun har vore på helsesenteret etter at ho kom ut av sjukehuset. ”Her har eg det godt”, seier ho. ”Eg får besøk av Bjørg diakon og andre, og Finn er her to til tre gonger om dagen. Eg har hatt det godt saman med Finn. Han er ein snill og god mann.”

Også i denne tida er trua til trøyst og støtte. ”Eg veit ikkje heilt korleis eg skal forklare det, men det er likesom det som er verdt å leve for. Det er noko trygt, noko som ligg djupt i ein.”

Reidun er ved godt mot. ”Eg vonar å kome heim til jol, men går det ikkje, har eg det godt her. Etter operasjonen var det som eg såg brørne mine, dei som er døde, vinka til meg. Men då var eg enno i øraska av narkosen. Nei, eg er ikkje ferdig til å døye enno, eg gler meg over livet.”

ØAJ

Plan for trusopplæring

GUD GIR – VI DELER

Jesus sa: ”Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til disiplar! Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.” Matt. 28,18-20, omsetting 2005.

På grunnlag av dette, som blir kalla misjons- og dåpsbodet, har menneske i dåpen fått del i Guds rike, og dåp og opplæring har høyrte saman. Frå den offentlege skulen vart etablert i Noreg på 1700-talet, og fram til slutten av 1900-talet, har skulen vore ein viktig arena for undervisning av dei døypte, saman med oppseding og tradisjonsformidling i heimen og kyrkja. I dag er ikkje skulen lenger ein arena for trusopplæring. Trussamfunna, saman med familien, har ansvar for å lære opp medlemene sine.

I 2009 vedtok derfor Kyrkjemøtet ”Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja”, og overskrifta på planen er ”Gud gir – vi deler”. Her kjem ein presentasjon av nokre hovudpunkt i planen:

Livslang læring

Som eit nyfødd barn må lære livet å kjenne, må den døypte lære den treeinige Gud å kjenne. Når Jesus seier ”lære å halde”, er det meir enn å berre å ”lære”. Det er å bli kjend med, ta vare på og leve i, altså noko som ikkje berre er for tanken, men for heile livet. Læresveinane til Jesus var gode føredøme på det. Dei var saman med Jesus, fekk undervisning, tok del i arbeidsfellesskapet og gjorde sine eigne røynsler.

Plan for trusopplæring

Føremålet er å medverke til systematisk og samanhangande trusopplæring som vekkjer og styrker kristen tru, gir kjennskap til den treeinige Gud, medverkar til kristen livstolking og livsmeistring, utfordrar til deltaking i kyrkje og samfunnsliv, og er for alle døypte i alderen 0–18 år, uavhengig av funksjonsevne.

Kyrkjemøtet har vedteke ein sentral plan som gjev felles retningslinjer for kyrkjelydane, og på grunnlag av den blir det laga lokale planar i sokna.

Innhaldet i trusopplæringa

er samanfatta i to avsnitt frå Bibelen, der kjærleik er eit felles stikkord:

”Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.” 1.Kor 13,13.

”I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar òg vi å elska kvarandre.” 1. Joh. 4,9-11.

Tre hovudaspekt i trusopplæringa

Livstolking og livsmeistring:

Trusopplæringa skal fremje opplevinga av eigenverd og leggje til rette for at barn og unge kan sjå seg sjølv og tolke tilværet sitt som skapt, elska og halde oppe ved Guds kjærleik.

Tru og tradisjon i kyrkja:

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge lære å kjenne den treeinige Gud gjennom Bibelen

som Guds ord, truedkjenninga, sakramenta og andre sentrale uttrykk for kyrkja si tru. Barn og unge skal bli kjende med dei kristne høgtidene og kyrkja dei høyrer til.

Kristen tru i praksis:

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin. Dei skal lære å be, lese Bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet. Barn og unge skal få uttrykkje seg sjølve, trua og skaparevna si.

Oppbygginga av trusopplæringa

Ho skal vere systematisk og samanhengande, rette seg mot alle årskull og vere lagt til rette for alle, uavhengig av funksjonsevne, livssituasjon, kjønn og etnisk bakgrunn. Rettleiande målsetting for omfanget er 315 timar i løpet av dei første 18 leveåra. Deltaking i barneforening, sundagsskule o.l. kan reknast med i timetalet.

Konfirmasjonstida skal integrerast i den lokale planen for trusopplæring. Omfanget skal vere om lag 60 timar. Det omfattar både undervisning, gudstenestedeltaking, aktivitetar på leir, fasteaksjonen m.m.

Når det gjeld omfang, må planen ta omsyn til folketal og befolknings-samansetning, geografi, ressursar og bemanning i kyrkjelyden. Det må utviklast ei trusopplæring som er tilpassa situasjonen og kva som er mogleg å få til i kyrkjelyden. Dette er eit viktig punkt her i Vest-Telemark, der folk bur spreidd.

Ansvar

Foreldre og fadrar, kyrkjelyden og heile kyrkja har ansvar for trusopplæringa. Soknerådet utarbeider lokal plan, som blir revidert éin gong i valperioden. Fellestrådet budsjetterer for lokale, utstyr, materiell, stillingar. Bispedømerådet fordeler statleg tilskott.

Prestane har trusopplæring som ei av arbeidsoppgåvene i tenesteordninga, og dei andre tilsette i kyrkjelydane er også viktige ressursar på kvar sine område.

Lokalt planarbeid

I haust har alle sokneråd fått orientering om planen ved prostens sitt årlege besøk, og dei har vore på eit felles kurs 10. november saman med kyrkjefagsjef Arve Nilsen og trusopplæringskoordinator Frode Eikrem. Så er det valt eller blir snart valt plangrupper i kvart prestegjeld, og dei skal utarbeide utkast til lokale planar for sokna.

I Tokke er desse med i plangruppa:

Olav Bjørn Bakken (leiar), Jarle Bryne, Elin Eriksstein, Gunstein Seltveit. Øyvind A. Jørgensen er ikkje medlem, men kan møte i gruppa ved høve.

Plangruppa tek gjerne imot innspel til planen.

Gjennomføring av planen

Stortinget løyver til trusopplæring, ein sum som blir trappa opp kvart år og som skal kome opp i 250 mill. Kvart år blir det gjeve løyving til nye prosti. Bispedømerådet tilrår kva for prosti som får, og Kyrkjerådet avgjer. Det er ikkje ein fastsett plan over rekkjefylgja på



Trusopplæringskoordinator
Frode Eikrem

tildelinga, men vår bispedømeadministrasjon tek sikte på at Vest-Telemark får i 2013. Summen pr. medlem mellom 0 og 18 år er no 320 kroner.

Pengane blir overført til fellesråda. Bispedømerådet legg visse føringar for disponering av pengane. Løyvingane vil gå til å løne folk til trusopplæring og til materiell m.m.

ØAJ



Om lag seksti menneske frå heile prostiet var samla til kurs i lokalt planarbeid



**25-årsjubilarar og
75-årsjubilar, konfir-
merte i 1934, 1984 og
1985**

Framme f.v.:

Karin Kristin Østerhus,
Anne Grete Kringlåk,
Britt Småbrekke Vågslid,
Gerhard Skare.

Bak f.v.:

Aasa Midtgarden Hagen,
Wenche Kveven Heimdal,
Finn Harald Vågslid.



50-årsjubilarer, konfirmerte i 1959 og 1960.

Framme f.v.: Anne Marit Mytting f. Tveiten, Astrid Solberg f. Håtveit, Liv Inger Kveven f. Heimdal, Else Marie Seltveit f. Ljostad, Sigrun Tjønn, Gunn Haugland f. Dale.
Alle bakanfor f.v.: Inger Liv Gøytil Lund, Olav Mandt, Nils Åge Sollid (delvis skjult bak), Talleiv Skredtveit, Tarjei Gaastjønn, Aud Torstveit f. Mortensen, Kirsten Østmo f. Sollid, Marit S. Nenseter, Nancy Moi f. Mortensen, Astrid Hansen f. Vistad, Georg Solli, Petra Lovise Draugedalen f. Vebenstad, Ivar Grønning, Gerd Seierstad f. Taraldsen, Kristoffer Lio (heilt bak), Ann Rigmor Svendsli, Åge Strøm (bakerst), Mikkel Felland (delvis skjult), Peggy Elin Wilson f. Vebenstad, John Heimdal, Dagfinn Teigen, Sigvald Rinden, Helge Lie, Jostein Dalen, Per Larsen.



GOD GJERNINGAR FOR 18. GONG

For 18. gong skal det delast ut pris til folk eller organisasjonar som gjer godt mot nesten sin i Vest-Telemark.

Prisen vert delt ut under Diakonisasmlinga for Vest-Telemark i Nissedal 10.april.

Framlegga kan sendt Prostidiakonen i Vest-Telemark e-post: eilever@online.no eller Boks 94 , 3886 Dalen. Retningsline for prisen finn ein elles på www.prostidiakon.no

Frist for framlegg er 15.mars 2011.



Høydalsmo søndagsskule - Torsdagsklubben.

Alle born frå 4 år er hjarteleg velkomne til "Torsdagsklubben" på Elim (bedehuset ved Shell) tors. 13.1., 27.1., 10.2., 24.2., 10.3., 24.3. og 7.4. kl. 17.30-19. Vi syng gamle og nye songar og blir kjend med bibelforteljningane gjennom lesing, plansjer, drama, flanellograf eller film, og vi har kveldsmat og hobbyaktivitet. Våren 2010 fekk alle vere med og måle og setje saman ein riddarborg. No lagar vi ting til jol. 4. joledag arrangerer Torsdagsklubben og juniorklubben "Emil" joletreffest på Elim. Store og små er hjarteleg velkomne.



Frå venstre: Halvor Tellefsen, Tor Inge Tellefsen, Svein Tore Kilen Tveit og Jostein Kilen Tveit.

Fireårsbok i Høydalsmo og Lårdal



F.v.: Jorunn Helene Djuvet-Kovajord, Eline Omland Sending, Ingrid Kristensen Strånd, David Valencia, Åsne Austjore Grønstad, Ånund Nordstoga Torgersen.

Diakoniens dag på Kulturhuset

fall i år på FN-dagen. Ungdomsgruppa i Tusen Stjerner var forsongarar, og korleiarane Elin Erikstein og Dagny S. Djuve hadde saman med organist Zbyzsek jobba fram ein eigen liturgi. Ein av årets konfirantar, Eivind Hovden, drog saftige låtar på gitaren. Elles var Lawrence Soma tekstlesar denne dagen. Gudstenesta markerte samstundes TV-aksjonen, og David Johansen gjekk med bøssa.

Etter messa var det kyrkjekaffi. Her serverte Dagny. Etter at songarane hadde fått roser, vart det nokre til overs til to flotte jenter: Ingrid Margrethe Lio og Thyra Prent.



Korjentene er frå venstre Sibylla Erikstein, Guro Stor-drange, Inger Oline Kollbotn og Camilla Gravdal. Utanfor билетet var også Marte Bekk og Guro Hana.



UTAN DIAKONIEN STOPPAR KYRKJA

Frans av Assisi skal ha sagt at evangeliet må forkynnast om naudsynt med ord. Kyrkjias diakoniplan frå 2007, seier det slik:

"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd."

Diakonien er kyrkjias glade bodskap.

Alle treng me diakonien. Somme gonger som utøvarar, andre gonger får me lov å ta imot. Kort sagt er diakonien ei teneste for medmenneske og skaparverket, og ei teneste for Gud. Større, betre og viktigare kan det ikkje vera.

Diakonien er ikkje eit oppdrag berre for diakonar, prestar og diakoniutval, men for alle i kyrkjelydane, tilsette og valde. Det ligg mykje god diakoni i høge blautkaker eller kross-stinga i altarduken. Det er ei diakonal teneste å hjelpe sørgjande på kyrkjegarden eller samle inn offer i kyrkjebenkane. Somme forløyser sorg eller får fram gleda på orgelkrakken, andre inspirer til gode handlingar. Utan diakonien stoppar kyrkja, kan ein seie.

Døypefont og lesepult i Skafsåheii fjellkyrkje



Fjellkyrkja har i løpet av det siste året opplevd gravferder, bryllup og barnedåp. Vi har ikkje hatt eigen døypefont, og har difor måtta bruke den som står i Skafså kyrkje. Men ved den siste barnedåpen den 10.oktober kunne fjellkyrkja ta i bruk den nye døypefonten. Då vart faktisk fire jenter døypt. Ikkje nok med det, også den nye lesepulten vart tatt i bruk denne sundagen. Svartdal design AS ved Gunleik Svartdal, har teikna både døypefont og lesepult.

Arbeidet er gjort av Fyresdal Tre AS ved Jonny Erikstad. Vi er svært nøgde med resultatet.

Dei står i stil med rom og interiør elles. Kan nemne at Fyresdal Tre AS har laga stolane i Nidarosdomen, og har lang tradisjon for å laga inventar og møblar til kyrkjer. Men det var fyrste gongen dei hadde laga ein døypefont, ifylgje Erikstad.

Dåpsfatet er av keramikk, og er laga av Inger Dørdal i Fyresdal. Ho laga fleire utkast før ho vart heilt nøgd med resultatet. Vi vart så tilfredse at vi også har tinga ei dåpskanne i same stil av henne.

Gunstein Seltveit



Døgnåpen krisetjeneste
- på telefon 815 33 300
og via internett
www.kirkens-sos.no

•
Spennende arena
- for frivillighet

•
"God å snakke med"
Kurs i kommunikasjon
- for folk flest

•
Les mer på
www.kirkens-sos.no/telemark

SLEKTERS GANG

DØYPTE

Skafså

Lilly Solheim
Einar Høgetveit Teigen
Oda Kristine Strand-Aarstad
Torstein Småbrekke



Skafsåheii fjellkyrkje

Emily Tomine Veen Hagen
Andrea Aase Vadder
Anne Gaastjønn
Emma Sordal Heggard

Mo

Ingebjørg Kvanvik Felland
Natalie Timland

Eidsborg

Øystein Jonassen Verpe (døpt i Vinje kyrkje)

Lårdal

Kevin Emiil Velkom Djuve

VIGDE

Skafså

Jannecke Østvold og Jacob Andreas Møller

DØDE

Skafså

Thorvald Blomhaug

Mo

Steinar Midjås
Henry Johannes Nystad

Lårdal

Hilmar Aamot



GUDSTENESTER I TOKKE

19.DESEMBER 2010 –
17.APRIL 2011

Sundag 19. desember – 4.s. i advent

Tokke Kulturhus kl. 16.30

Familiegudsteneste og joletreffest
Øyvind Jørgensen
Tokke barnekor Tusen Stjerner
Utdeling av Barnas Kyrkjebok
til 4-åringar

Fredag 24. desember – Jolaftan

Høydalsmo kyrkje kl. 14.30

Jarle Bryne

Lårdal kyrkje kl. 16

Jarle Bryne

Tokke Kulturhus kl. 16

Øyvind Jørgensen

Laurdag 25. desember – Joledag

Mo kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 26. desember – 2.joledag

Lårdal kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Fredag 31. desember – Nyårsaftan

Tokke helsesenter kl. 16

Øyvind Jørgensen

Skafså kyrkje kl. 21

Øyvind Jørgensen

2011

Sundag 2. januar – Kristi openberringsdag
Ikkje gudsteneste i Tokke

Sundag 9. januar – 1.s.e. Kristi openberring

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

INFORMASJON

Returadresse:
KYRKJELYDEN
Postboks 94
3886 DALEN

Sundag 16. januar – 2.s.e. Kristi openberring

Lårdal kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Tokke Kulturhus kl. 16.30

Øyvind Jørgensen

Sundag 23. januar – 3.s.e. Kristi openberring

Mo kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 30. januar – 4.s.e. Kristi openberring

Skafså kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

Sundag 6. februar – 5.s.e. Kristi openberring

Lårdal kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

Tokke Kulturhus kl. 16.30

Jarle Bryne

Sundag 13. februar – Vingårdssundagen

Mo kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

Sundag 20. februar – Såmannssundagen

Skafsåheii fjellkyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 27. februar – Kristi forklaringsdag

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

Sundag 6. mars – Fastelavnssundag

Lårdal kyrkje kl. 11

Familiegudsteneste

Jarle Bryne

Tokke Kulturhus kl. 16.30

Familiegudsteneste

Jarle Bryne

Sundag 13. mars – 1.s. i faste

Skafså kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 20. mars – 2.s. i faste

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Tokke Kulturhus kl. 16.30

Øyvind Jørgensen

Sundag 27. mars – Maria Bodskapsdag

Lårdal kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 3. april – 4.s. i faste

Mo kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

Tokke Kulturhus kl. 20

Pasjonsspel

Jarle Bryne og konfirmantane

Sundag 10. april – 5.s. i faste

Skafså kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 17. april – Palmesundag

Høydalsmo Alderspensionat kl. 10.30

Merk tida!

Øyvind Jørgensen

